
 Vedlegg

Forskrift om jakttid og døgnregulering av jakt etter grågåås for kommunane Haram, Vestnes, Rauma, Sandøy, Aukra og Halså, Møre og Romsdal fylke

Fastsett av Fylkesmannen Møre og Romsdal 17. juni 2012 med heimel i § 3 punkt 1 i forskrift 1. mars 2012 nr. 190 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongane frå og med 1. april 2012 til og med 31. mars 2017.

I

Det blir opna for tidlegare jaktstart på grågåås i kommunane Haram, Vestnes, Rauma, Sandøy, Aukra og Halså med bakgrunn i forvaltningsplanar for grågåås for desse kommunane.

II

Det blir opna for jakt på grågåås frå kl 02.00 til kl 10.00 med følgjande avgrensing av dagar og innafor område med følgjande geografisk avgrensing fram til ordinær jaktstart 10. august.:

Kommunar	Dagar	Områdeavgrensing *
Haram, Vestnes, Rauma, Sandøy, Aukra og Halså	26. juli – 9. august	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.

* For område der det er forbod mot jakt i medhald av vern etter naturmangfaldloven eller naturvernloven, må det vere gitt dispensasjon frå verneforskriftene for at jakt skal vere lovleg.

III

Denne forskrifta tek til å gjelde straks, og gjeld fram til og med 31. mars 2017.

IV

Fylkesmannen kan endre eller oppheve denne forskrifta dersom det er naudsynt.